

Heidra australske soldatar for fridomen



Mange møtte fram for å delta på minnemarkeringa etter flyangrepet i Ørstaffjorden under 2. verdskrig.

– Dei melde seg frivillig, kom frå andre sida av jorda og gav sitt eige liv for at vi skulle bli eit fritt land. Det var Ove Røv som peikte på dette i talen ved bauten på Lianeset. Bauten er sett opp til minne om dei allierte sitt flyåtak på tyske båtar i Ørstaffjorden i 1944, der to australske flygarar omkom.

Det blei lagt ned blomsterhelsingar både frå Ørsta kommune, etterkomarane i Australia og Ørsta Rotaryklubb på 17. mai. I Ove Røv sin tale minte han oss på at under den største krigsaktiviteten i Ørsta, 5. desember 1944, omkom både navigatøren og flygaren i flyet som blei nedskote. Og det var altså to unge menn frå det australske flyvåpenet som gav livet sitt i kampen for at vi skulle bli eit fritt land igjen under andre verdskrig.

Det var dei to tyske skipa Radbod og Albert Janus som blei angripne og senka i eit flyangrep med totalt 21 fly. Eitt av flya blei skote ned av tyskarane og begge i flyet, Frederic Gordon Sides og Austin Hakevill, omkom. Navigatøren, Frederic Gordon Sides omkom i fallet etter at han skaut seg ut.

Sverre Hagen heidra

Sverre Hagen, som fann fallskjer-

men etter den omkomne navigatøren, døde i desember 2012 og blei under seremonien heidra for innsatsen for å halde minnesmerket på Lianeset i stand. Medan andre gøymde seg under angrepet, så rodde Sverre Hagen ut for å redde dei frå det nedskotne flyet, men dessverre var dei allereie omkomne.

Under leiing av Neil Smith blei flyskvadronen leia inn Ørstaffjorden i eit dristig angrep, der fly frå New Zealand først senka Radbod. Flyet med dei australske soldatane blei så treft i motoren av ein granat, medan to andre fly blei mindre skadd. Frederic Gordon Sides var kjend som ein ung idrettsmann, og også som ein nokså uerfaren navigatør. Austin Hakevill, var derimot ein erfaren flygar. Han var tidlegare infanterist frå Syria i Afrika, og tok deretter flygarutdanning i Canada og var seinare med på fleire flyangrep.

Det som var felles for dei, var at dei melde seg frivillig for å kjempe for fridomen vår. Derfor møtest vi kvart år her på Lianeset i takksemnd. Dei gav sitt liv for vår fridom, avslutta Ove Røv talen sin med.

Ordføraren: det største offeret

Ordførar Rune Hovde representerte Ørsta kommune og samanlikna innsatsen til dei allierte under andre verdskrigen med den innsatsen norske soldatar gjer i dag. Det offe-

ret som blei gjort under andre verdskrig er det største offeret som tenkjast kan. Og det offeret som vi gjev ved å sende dagens unge soldatar frå Noreg til fredsbevarande innsats, er det største offeret vi kan gi.

Innkomande president Guttorm Sætre frå Ørsta Rotaryklubb, som har tatt på seg ansvaret for å halde minnesmerket i stand, la også ned blomster under minneseremonien.

Etter at lensmann Guttorm Hagen hadde lagt ned blomsterhelsing frå etterkomarane til skvadronleiar Neil Smith, avslutta trompetist Leif Atle Strand seremonien med stykket «Bøn».

Geir Høydalsvik



Leif Atle Strand avslutta minneseremonien med stykket «Bøn».



Sentrale personar under minnemarkeringa på Lianeset 17. mai: fv Ove Røv, Sverre Bae, Rune Hovde, Guttorm Hagen, Leif Atle Strand. Bak representantar frå HV-ungdomen.